

Referat frå årsmøtet i Valdres Historielag og frå Valdres Bygdeboknemnd 21. mai 2022

Møtet var på Bagn Bygdesamling. Fyrst var det samling og omvisning på avdelinga med krigsminne, av Kristian Bergsund. Så eit svært interessant foredrag av Arne Erik Fønhus om historia til skogbruket i Sør-Aurdal. Etter mat og kaffe starta sjølv årsmøtet kl. 14.30, med 10 stk. til stades.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Møteleder leiar Jorun W Steinsvoll, referent Anna Kristine Hodne.
Alle tilstades skriv under møteboka.
3. Årsmelding for 2019, 2020 og 2021 ved Gunnar Hauge. På årsmøtet i 2019 var det 19 frammøtte. Vedtak om godtgjerdsle til leiar, sekretær og kasserar. Årboka for 2022 får hovedtema «Valdresmål». Nils Rogn vil ta ansvar for heimesida og facebook-profil for laget.
4. Rekneskap ved Tore Hovda for 2019, 2020 og 2021. Rekneskapen godkjend. 2021 viser ein minus på kr 63 278,-. Budsjett for 2022 vart pga. dette ikkje sett opp. Vi skal fortsette med årboka for 2022 som før, men ta ein grundig diskusjon til hausten om økonomien og framtida.
5. Val: Leiar Jorunn W Steinsvoll
Nestleiar Ivar Aars
Kasserar Tore Hovda
Sekretær Gunnar Hauge
Styremedlem Jon Bratrud
Styremedlem Arne Erik Fønhus
Styremedlem Tove Grethe Kolstad, går inn i staden for Hermann Fjelltun, som hadde bedt seg fritaken pga. helse.
Museumsrep. Ole Aastad Bråten

Ny varamedlem Anne Marit Framnes, erstattar Tove Grethe som rykte opp.
Ingebjørg Moe, i staden for Magne Hovda som gjekk bort.
Materialforvaltar Anne Marit Framnes
Revisor Håkon Einar Berge
Valkomite: Nils Rogn, Arild Haglund og Odd Arne Rudi
6. Fastsetting av godtgjerdsle for arbeid med nettside og facebook. Vedtak kr 5000,-

Referat frå årsmøtet i Valdres Bygdeboknemnd

Styret er identisk med styret i Valdres Historielag, med unntak av leiar som er Ivar Aars og nestleiar Jorunn W Steinsvoll. Valdres Bygdebok Sør-Aurdal manglar bind D Valdres Bygdebok Nord-Aurdal manglar bind G og bind 3 del 3
Regnskapen ved Tore Hovda vart godkjent. Ivar Aars attvald som leiar 1 år

Anna Kristine Hodne, Ingun Kompen, Ingebjørg Moe, Nils Rogn, Tore Hovda, Jorunn W Steinsvoll.
Gunnar Hauge, Arne Erik Fønhus, Kristian Bergsund, Ivar Aars.

